



SANDE KOMMUNE  
RÅDMANNEN  
6084 Larsnes  
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01  
sande.kommune@sande-mr.kommune.no  
www.sande-mr.kommune.no

## RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR I SANDE KOMMUNE

### Desse kan søkje om tilskot:

1. Etter søknad til Driftsutvalet kan det ytast tilskot til personar, organisasjonar, foreiningar, lag og institusjonar som driv eller vil starte kulturtiltak for barn og unge (0 - 20 år) i Sande kommune.
2. Hovudlag samordnar seg og søker samla på vegne av gruppene.
3. Unnateke frå tilskot er:
  - Lag og organisasjonar som primært tek i vare medlemmane sine interesser innan yrke eller økonomi
  - Politiske parti og politiske aksjonar
  - Organisasjonar som ikkje er opne for alle
  - Reint kommersielle tiltak

### Følgjande tilskotsordningar gjeld:

1. **Tilskot til drift**  
Slikt tilskot kan ytast når verksemda som vert driven er kontinuerleg. Kvar søknad vert vurdert ut frå medlemstal, aktivitet, årsmelding/rekneskap og planlagd verksemd. Driftstilskotet vert normalt berre tildelt hovudlaget. Driftstilskot vert gjeve ein gong pr. år med felles søknadsfrist 15.04.
2. **Starttilskot til nye tiltak**  
Nye lag som går under vilkåra i pkt. 1 kan søkje om starttilskot. Stønaden vert gjeve som eingongstilskot. Søknadsfrist 15.04.

### Søknadsprosedyre:

Driftsutvalet tek avgjerd om dei einskilde søknadane ut frå desse retningslinene og eige skjøn innanfor dei budsjettammene som gjeld til ei kvar tid.



SANDE KOMMUNE

### **Fordelingsnøkkel:**

Sande kommune prioriterer kulturmidlar til lokalt barne- og ungdomsarbeid (0-20 år). Ved søknad om starttilskot skal tildeling vurderast ut frå retningslinene pkt. 1. i dette kapittel. Dei resterande kulturmidlane skal fordelast etter prosentvis fordeling.

- Starttilskot
- Idrett 50 %
- Song og musikk 37 %
- Andre kulturføremål 13 %

#### **1. Starttilskot til nye lag:**

- Tilskotet skal ligge mellom kr. 2.000,- og 8.000,-.
- Tildelinga skal skjønsmessig vurderast etter anslagsvis medlemstal og kor kostnadskrevjande investeringane er i startfasen.

#### **2. For tilskot til idrett gjeld desse prinsippa:**

- Tilskotet vert fordelt etter antall aktivitetar idrettslaga har for barn og unge. Dette skal vere idrettsaktivitetar som går gjennom året, og ikkje til eks. klubbkveldar/sosialt samkome. Det vert ikkje gitt tildelingar til aktivitetar til seniorlag sjølv om ungdom er med.

#### **3. For tilskot til song og musikk gjeld desse prinsippa:**

- Tilskotet vert fordelt mellom søknadane slik at instrumentalgruppene vert vekta i forhold til kor som 2:1. 50% av dei avsette midlane skal fordelast mellom søkjarane som eit grunnbeløp. Dei resterande midlane vert fordelt etter antall medlemmar barn og unge.

#### **4. For tilskot til andre kulturføremål gjeld desse prinsippa:**

- Lag og organisasjonar som har kostnadskrevjande aktivitetar vert tildelt ein grunnstønad på kr. 2.000,-. Det vert gjort ei skjønsmessig vurdering ut frå søknad om kva som er kostnadskrevjande. Dei resterande midlane vert fordelt etter antall medlemmar barn og unge.